



Bilete er henta og vert brukt med løyve frå Intensivmedisinsk seksjon på Haukeland Universitetssjukehus.

Intensivsjukepleiar Synnøve Huglen frå Uskedalen har i dag saman med intensivlege, Leone Schwarz, innlegg i Bergens Tidende med tittelen: En hilsen fra oss her inne til dere der ute. Det er ei helsing til alle pårørande som i desse tider er uroa og som treng god og korrekt informasjon om Covid 19. Sambuaren til Synnøve, Jon Thorsen, jobbar også på den same avdelingen som anestisilege.

Artikkelen til Synnøve Huglen og Leone Schwarz vart lagt ut på BT nett i påskeveka. I dag er innlegget på trykk i papirutgåva på debattsida med innlegg om Koronaviruset.

Synnøve Huglen fortel i dag i samtale med Uskedalen.no at det er viktig med god kommunikasjon med pasientane og alle pårørande der ute. Ho takkar alle for forståing og kompliment i ei tid som ofte er prega av angst og frykt. Med ro og verdighet kan ein gje behandling med same standard som det er til vanleg i kritiske situasjonar.



[Synnøve Huglen er intensivsjukepleiar på Haukeland.](#)

Dei mest alvorlege pasientane treng ei krevjande behandling. Dei treng mykje tid, spesialkompetanse, avansert medisinsk utstyr, medikament og eit samkøyrtd team rundt seg. Når alt dette er på plass, ser ein at det som oftast går bra med dei som er hardast ramma av sjukdomen. Dei fleste er i god betring og nokre er alt skrivne ut frå sjukehuset.

Synnøve og Leone heiar på og takkar alle pårørande og andre på utsida av sjukehuset. Det er viktig med forståing for den jobben sjukehusa gjer og at vi andre held oss heime og let personale gjera jobben på ein maksimal god måte.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Katrine Sunde (kommunikasjonsavd. intensiv seksjon Haukeland)/ privat